



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Anne Lise Næs	47679967	2022/437-116	«REF»	26.09.2024

## Høyring og offentlig ettersyn - Områderegulering for Rosendal tettstad - PlanID 20190002

Plan- teknikk- og miljøutvalet i Kvinnherad vedtok 10.09.2024, sak 2024/35, at forslag til områderegulering for Rosendal tettstad, PlanID 20190002, vert sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn. Dette på gjevne vilkår.

Det er føresett oppheving av følgjande planar når reguleringsplanen vert vedteken:

- PlanID 19850002 Rosendal Sentrum
- PlanID 19920010 Malmanger, Rosendal
- PlanID 20110008 Endring av deler av Rosendal sentrum - 82/89, 30
- PlanID 20070003 Rosendal sentrum

Kvinnherad kommune er forslagsstillar for planen og plankonsulent er 3RW Arkitekter AS.

Tettstaden Rosendal skal vidareutviklast som eit attraktivt kommunesenter, med fokus på næring, kulturkvalitetar, turisme med nærleik til sjø, fjell og fonn, og med alle dei særkvalitetar som Rosendal har. Uterom og offentlig rom skal ha høg kvalitet, og det skal definerast areal til idrettshall og framtidig offentlege tenester. Områdeplanen skal fastsetje hovudtrekka til infrastrukturen og vidareføring av denne. Rosendal skal i framtida utgjere sin del av ein attraktive, frisk og grøn kommune.

Målet med planarbeidet er å få ei framtidsretta og heilskapleg planlegging av Rosendal sentrum. I arbeidet vil det verte lagt vekt på sentrumsfunksjonane der Rosendal opnar seg mot fjorden. Tematisk skal det leggest til rette for bustader, næring, handel, turisme og offentlege funksjonar som skule, idrett, torg, park, leikeområde, etc. Det skal leggest til rette for betre infrastruktur, trafikktryggleik og universell utforming.

Særs viktige brikkar er ny idrettshall, eit variert bustadtilbod og strandpromenade.

Planen er utforma som ei områderegulering, og skal difor legge grunnlag for den vidare planlegginga med å definere dei overordna rammene for Rosendal sentrum, som grønstruktur, samferdsle, friluftsområde, offentlege tenester og anna.

Planarbeidet vart lagt fram i planforum første gong 27.08.2019. Det vart halde folkemøte i Samfunnshuset i Rosendal 05.11.2019. Oppstart av planarbeidet vart varsla den 27.04.2020, med innspelsfrist 19.06.2020.

Planarbeidet vart lagt fram i planforum 2. gang 20.04.2021.

Kommunen har knytt til seg referansegruppe i arbeidet, og det har vore ein lang prosess med mange møter fram til endeleg planforslag.

Vedtaket med saksutgreiing følgjer som vedlegg.

Plandokumenta med vedlegg finn de elles i planarkivet vårt her:

<https://www.arealplaner.no/kvinnherad4617/arealplaner/324>

**Frist for merknadar til planforslaget er minst 6 veker, og vert sett til 08.11.2024.**

Fråsegn eller merknad skal sendast som e-post til [post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no) eller som brev til Kvinnherad kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 Rosendal.

Ta kontakt ved spørsmål: [anne.lise.naes@kvinnherad.kommune.no](mailto:anne.lise.naes@kvinnherad.kommune.no)

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Anne Lise Næs  
*Planleggjar off.planforslag*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*